



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 43/2021

Møtedato: 24.11.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## **Uttale til generelt motorferdsel samt til snøscooterløyver i Vestre Slidre statsallmenning**

Kommunen driv i disse dager med høyring om nye motorferdselløyver (snøscooter) for ein ny 4-årig periode. Dette vert handsama i fjellstyret etter § 12 i fjellova. I den samanheng er det greitt å ta stilling til dette tema generelt, og vurdere evt framtidig haldning til el-motor på båtar og evt fly.

I rundskriv t 1/96 om motorferdsel i utmark står det: Bakgrunn for "Lov om motorisert ferdsl i utmark" er at en ut fra et samfunnsmessig helhetssyn skal regulere motorferdselen i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivsel. Det må i lys av dette være adgang til legge betydelig vekt på hensynet til å begrense motorferdselen i utmark til et minimum. Fjellstyret skal i følgje fjellova § 3 arbeide for naturvern- og friluftsinteressene. Med bakgrunn i dette har fjellstyret tidlegare teke opp kommunen si behandling av motorisert ferdsl i utmark, der det er viktig med presise formuleringar og klar tekst i løyve som gjer det kontrollerbart.

Oppsyn er utfordrande og vanskeleg arbeid. Det er difor viktig med klare og oversiktlege reglar. Ikkje alle respekterar lov og forskrifter og det gjer at oppsynet må rapportere saker til politiet. På grunn av dette har fjelloppsynet fått truslar mot seg og si familie. Politiet meiner oppsyn med motorisert ferdsl er så utfordrande at fjelloppsynet normalt ikkje bør drive slik oppsyn åleine. Det er derfor ekstra viktig at saksbehandling følgjer dei rammer som er sett i lovverket

Etter §10 lov om motorferdsel i utmark kan grunneigar styre motorferdsel på sin eigen grunn. Tidlegare hadde Statskog denne retten i statsallmenningen, men frå juni 2015 er det fjellstyret som har denne styringsretten. Dette går fram av §12 3. ledd i fjellova; Rett til å forby eller redusere motorferdsel i statsallmenning for andre enn Statskog SF, ligg til fjellstyret. Før fjellstyret tek avgjerd, skal Statskog SF og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka. Vedtak etter §12 om styring av motorferdsel er privatrettsleg. Dette betyr at fjellstyret kan setja dei vilkår ein ynskjer for tildeling av

### Forholdet til Statskog:

Statskog har i samband med førre behandling – i 2016 opplyst at dei berre ynskjer saker til uttale når det er aktuelt å skrive avtaler med løypelag, slik at dei kan ivareta interesser når det gjeld skilting, opprydding m.m. Allmenningsstyret skal høyrast om det om saka vedkjem skogen. Det er ikkje tilfelle i det som blir behandla i denne saka. Om det skal lagast ny trasé og det må hoggast skog, er det naturleg at allmenningsstyret blir hørt.

### Talet på løyver:

Talet på løyver har endra seg over tid. Formannskapet skreiv i 1993 at det var overkapasitet på løyva. Det var då 23 leigekjøringsløyve. Dei vedtok då at talet på leigeløyve skulle reduserast og at dette skulle skje ved naturleg avgang. Kommunen reduserte ikkje talet på løyver i den perioden, men auka talet på leigekjøringsløyve til 31(30 løyver i vestfjellet) i 2006/2007. Når dette vart behandla på nytt i 2016, vart talet på leigekjøringsløyver redusert til totalt 17 løyver i heile kommunen (16 i Vestfjellet)

Dei siste 20 åra har ein stor del av vegnettet vorte vinterbrøyt og det gjer at behovet for kjøring er redusert. Ein har bede kommunen om utskrift av kjørerekord for å sjå på omfangset av køyringa dei 4 siste åra, men det kan tyde på at dette er det få som leverer inn. Omfangset er dermed noko uvisst, men det har gått ein del ned ifølge kommunen. Med det som utgangspunkt bør nok talet på løyver ned i høve til dei 16 løyvene som vart gjeve i 2016 for Vestfjellet.

Dette bør kunne gjerast utan at det går ut over tilbodet til dei som har behov for transport. Dei som har hatt løyve og som vil gje tilbod gjennom heile vinteren bør prioriterast ved løyvetildeling. Reduksjon talet på løyve vil sikre grunnlaget for dei som vil drive transport som næring. Dette samsvarar også med §3 i fjellova om at fjellstyret skal arbeide for lokalt næringsliv.

Kven av søkarane som skal få tildelt løyve er ikkje vesentleg for fjellstyret, så lenge dette er personar som forpliktar seg til å kjøre når det er behov. Sjølv om fjellstyret ikkje behandler kvart leigekjøringsløyve, vil ev. brot på vilkåra vil føre til at fjellstyret trekker løyvet til vedkomande tilbake.

### Transport av ved:

For dispensasjonar til transport av ved frå hogstplass til sumarveg/støl, bør det vera nok at dette blir behandla av kommunen. Motorisert ferdsl bør vera minimal i ferietider og det bør ikkje gjevast dispensasjonar til transport av ved i jul, vinterferie og påske. Dette er presisert i lokal forskrift §3a der det står at transport om mogleg skal skje på kvardagar. Det bør og vere ein føresetnad at vedtransport berre gjeld


stølar i drift, og ikkje andre. Samtidig skal veden vere hogd sumarstid, og snøscooter skal berre nyttas til å køyre ut veden, ikkje hogst. Dette for å redusere omfanget.

### Køyring med heimel direkte i i lov

Preparering av skiløyper kan skje utan løyve frå kommunen når det skjer ut frå turistbedrifter, idrettslag o.l. Sidan kommunen ikkje kan styre dette, har Fjellstyret inngått avtale om løypepreparering i Statsallmenningen som er avgrensa til Vasetløypene, Nøsen løypelag, Vestfjelløypene og Valdres trekkhundklubb (allbruksløype) etter fastsette vilkår.

Det er ein del andre tilfelle som t.d tilsyn med El-liner/vasskraft-anlegg m.m. det er viktig å samordne all køyring til få trasear for å redusere konflikт samt at det ikkje vert spor over alt. Derfor vert alle parta oppfordra om å nytte felles trasear/med same køyrespor så langt det er mogleg.

Så langt det er praktisk mogleg, skal all køyring (utanom løypeprepping) følgje dei trasear som er teikna inn i vedlagt kart. Dette gjeld og all løykekøyring. Det er også mogleg å nytte allbruksløype, dersom denne gjev kortare køyring.



### Gjeldande forskrift for vestre Slidre vedteke 12.11.2015:

#### § 2. Førsegner for motorfartøy og luftfartøy

##### Bruk av motorfartøy (båtar) i medhald av motorferdsellova § 4 tredje ledd

Ferdsl på innsjø større enn 2 km<sup>2</sup>:

- På Storfjorden, M. Syndin og S. Syndin er det tillate med motorstyrke på inntil 10 hk.
- På Slidrefjorden er det ikkje øvre grense for motorstyrke.
- For Strandefjorden sin del i Vestre Slidre gjeld reglane for Nord-Aurdal kommune.
- For N. Syndin sin del i Vestre Slidre gjeld reglane for Vang Kommune (15 hk)
- For Heggefjorden (6 hk) og Øyangen (10 hk) sin del i Vestre Slidre gjeld reglane i Øystre Slidre kommune.

På vatn eller elvestrekning mindre enn 2 km<sup>2</sup> er ferdsl med motorfartøy ikkje tillate, sjølv om desse inngår som del av farbart vassdrag. Motorfartøy omfattar både forbrenningsmotor og elektrisk motor.

##### Bruk av luftfartøy:

Start og landing med luftfartøy er tillate på Storfjorden og Slidrefjorden og den del av Øyangen og Strandefjorden som ligg i Vestre Slidre.

### El-motor for småbåtar:

Det er i gjeldande forskrift vedteke motorbegrensing på inntil 10 hk i angitte vatn. Imidlertid kom det i april 2021 ein lovendring frå statleg hald som opner for at kommunane kan gje ny forskrift/enkeltvedtak for el-motor til småbåt med følgjande lovtekst:

*Kommunen kan gi forskrift eller fatte enkeltvedtak om adgang til bruk av motorfartøy med elektrisk motor med inngangseffekt opp til 800 watt på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer. Ved vurderingen av om det skal åpnes for slik ferdsel, skal det legges vekt på hensynet til vannet som levested for viltarter og fugler, og særskilt vekt på hensynet til hekkeområder. Det kan ikke gis adgang til motorferdsel som innebærer vesentlig skade på fugleliv.*

Det er ein del fiskevatn i dag som ikkje har lov med motor, og dei som er større enn 0,5 km<sup>2</sup> utan motorløyve er følgjande:

Nestisvatn	0,51 km <sup>2</sup>
Rensenn	0,96 km <sup>2</sup>
Grønsenn	1,07 km <sup>2</sup>
Mosvatn	1,38 km <sup>2</sup>

Det er då eit spørsmål om ein skal opne for bruk av el-motor eller ei i desse angitte vatna. Fordelen med dette er at alle dei vatna har båtutsettingsrampe med unnatak av Grønsenn, og kunne dermed vore meir tilgjengeleg for fleire brukarar om ein tillett bruk av el-motor. Alle desse 4 vatn vil vere innafor kravet til at dette ikkje inneber vesentleg skade på fugleliv etter administrasjonen sitt skjønn.

På den anna side vil større bruk av tilreisande båtar (både innanbygds og utanbygds) kunne medføre noko meir utfordringar med parkering av henger, noko meir press med camping ved båtramper som igjen kan ha negative verknader i ein overgangsperiode på dei stølsbrukarane som sokner til desse områda som ikkje har eit turistpress i dag.

Administrasjonen tek dette opp då dette høyrer saman med generelt motorferdsel i utmark, og det vil komme press på ein avklaring om El-motor før eller seinare. Dette heng og saman med andre former for motorferdsel som t.d fly som er tillate i deler av allmenninga.

### Bruk av luftfartøy i Storfjorden:

I tillegg til ein diskusjon om el-motor for båt, passar det å sette dette i samanheng med bruk av luftfartøy i Storfjorden. Det er i den kommunale forskriften tillate med fly på Storfjorden. Ein kan jo seie det er et paradoks at det eks ikkje er tillate å køyre snøscooter ut på Storfjorden for å fiske vinterstid, men det er tillatt å lande der med småfly for å fiske vinterstid.

Fly vil generelt kunne ha ein større påverknad enn i hvert fall dei småbåtane med inntil 10 hk motor som ellers er tillate på Storfjorden. I hvert fall sumarstid når det t.d. er oterfiske. Har ein oteren ute på sida av båten, vil det kunne oppstå problemer med plass når det skal lande fly. I samanheng med diskusjon om bruk av el-motor, bør ein difor og diskutere om fjellstyret ynskjer ein fortsatt praksis med å opne Storfjorden for luftfartøy. Det er og eit spørsmål om det er reelle behov knytt til denne flytrafikken her på Storfjorden.

### Oppsummering El-motor for båt/bruk av luftfartøy

Bruk av el-motor for båt har ein praktisk bruk. Ved å tillate dette vil ein kunne gje fleire brukarar av fiskevatn større moglegheit for fiske. Enn så lenge ein ikkje legg til rette for fleire stader der det er klargjort for camping osv, burde dette ikkje medføre i vesentleg grad større ulemper for andre brukarar. Med å setje ei nedre grense på 0,5 km<sup>2</sup> vil dette i allmennninga kun avgrense seg til dei 4 omtala vatn. Enn så lenge el-motor for båt er avgrensa til 800watt, kan dette ikkje nyttast til å køyre fort med og det er heller ikkje noko lydforeureining av dette. Med det som bakgrunn tilrår administrasjonen å opne for dispensasjonar/positiv til endring av lokal motorferdselsforskrift om kommunen ynskjer dette.

Ang fly/luftfartøy stiller dette seg noko annleis. Fly har eit sært høgt støy nivå, og det er ingen avgrensing i antall fly som kan lande på Storfjorden. Dersom nokon skulle ynskje å ha eit «flytreff» i juli på Storfjorden, noko lokal forskrift opnar for, ville dette gå ut over mange verdiar knytt til stillhet/fiske og anna friluftsaktivitetar som ein ynskjer å forbinde med nettopp ei statsallmenning. I tillegg vil dette kunne oppleves som unaturleg med å nekte snøscooter, men å tillate fly.

Administrasjonen tilrår difor å stenge Storfjorden for fly/luftfartøy på generelt grunnlag. Det er likevel muleg å opne for dispensasjonar i einskilde tilfelle, når det er eit reelt behov for dette. Det vil da behandlast på vanleg måte gjennom kommunen.

### Oppsummering snøscooterløyver for ny 4-års periode:

Administrasjonen finn at talet på nye løyver bør reduserast frå det opphavlege 16 (som gjeld Vestfjellet) som vart gjeve sist. Ein legg ikkje opp til å diskutere kven som skal ha løyver, men det bør vere definert kva startpunkt/hovedområde den enkelte skal ha. Dermed kan ein regulere kor mange løyver ein bør ha i kvart

område som har moglegheit til å køyre inn i statsallmenninga. Oppsummert tilrår administrasjonen følgjande som er take ut i frå kommunens oversikt:

Område:	Tidl. Løyver	Nye løyver i 2022
Midtre Syndin	5	2
Kvislasyndin	2	2
Vaset	1	1
Lehøvd	2	2
Buaråne/Nøsen/Baklia	2	2
Nøsen/Baklia	3	1
Baklia	1	ingår i Nøsen/Buaråne
SUM	16	10

Om det finst eit dokumentert behov, kan det aukast med inntil 2 løyver. Dersom det ikkje leveres køyrebok etter kvar vintersesong, er dette å anse som at løyvet ikkje er i bruk.

#### Framlegg til vedtak:

Med heimel i §12 i fjellova fastsett fjellstyret følgjande reglar for motorisert ferdsel på vinterføre i utmark:

- All kjøring med motorkjøretøy på vinterføre skje etter kortaste strekning frå brøytt veg og skal følgje løypekart for statsallmenningen (oppdatert 2016). Når løypekart ikkje kan følgjast, skal kjøring skje etter ubrøytt sumarveg, ved sidan av brøytt veg, i allbruksløype eller ved siden av preparert skiløype.
- Enkeldispensasjoner skal visast til leigekjøring når det er mulig.
- I perioden 2022-2025 skal talet på leigekjøringsløye avgrensast til maksimalt 10 stk som må definerast med område/startpunkt. Om det finst eit dokumentert behov, kan det aukast med inntil 2 løyver. Kven som blir tildelt leigekjøringsløye blir avgjort av kommunen. Løyvet gjeld for transport av bagasje/utstyr mellom bilveg og hytte, tilsyn med hytter når det ligg føre skriftleg avtale med oppdragsgjevar og transport av ved mellom hogstplass og sumarveg/støl. Løyveinnehavar kan vidare ta oppdrag etter §3 og dispensasjoner etter §§ 5 og 6 i nasjonal forskrift. Løyvet gjeld ikkje persontransport, men løyvehavar kan ta med passasjer når det ikkje fører til ekstra kjøring. Dersom det ikkje leveres køyrebok etter kvar vintersesong, er dette å anse som at løyvet ikkje er i bruk.
- Fjellstyret stiller som krav at førar av snøskuter som skal nyttast til leigekjøring skal merkast med lett synleg vest med løyvenummer. Merke skal utformast i samarbeid med kommunen/fjellstyret og politi.
- Kjøring skal om mogleg skje på kvardagar og det bør ikkje gjevast dispensasjoner for jul, vinterferie eller påske.
- Søknad om løyve til transport av ved frå hogstplass til sumarveg/støl for stølar i drift kan avgjerast av kommunen der fjelloppsynet vert rådført. Ved søknad om dispensasjon må det leggjast med kart over transportstrekning og mengde ved. Det er ein føresetnad at løyvet er avgrensa til ei kort periode og ikkje gjeld for jul, vinterferie og påske.
- Fjellstyret stiller som krav at kommunen drøftar søknader om dispensasjon med fjellstyredisponasjonen, og at all kjøring med disp vert varsla til fjelloppsynet med SMS før kjøring vert gjennomført.
- Løypekjøring er avgrensa til Vasetløypene, Nøsen løypelag, Vestfjelløypene og Valdres trekkhundklubb (allbruksløype). Det skal utarbeidast eige avtale for kvart lag basert på standardavtale som er tilrådd av grunneigar- og friluftsorganisasjonane.
- Brot på vilkår stilt i løyvet vil føre til at fjellstyret vil trekke tilbake rett til kjøring i statsallmenningen.
- Fjellstyret nyttar grunneierretten, jfr Fjelloven § 12, 3.ledd til å stenge for start og landing med luftfartøy i Storfjorden. Fjellstyret ber kommunen om å endre lokal forskrift. Imidlertid er fjellstyret positiv til å drøfte enkelt-tilfelle av fly-landing gjennom vanleg dispensasjonsbehandling ved reelle behov tilknytta lokal næringsutøving.
- Fjellstyret er positiv til endra lokal forskrift der ein kan opne for el-motor for båt med inntil 800 watt, i vatn over 0,5 km<sup>2</sup>, dvs i Nestisvatn, Rensenn, Grønsenn og Mosvatn.

#### Behandling:

Fjellstyret godkjenner samråystes utenom punkt 11, som utgår.

#### Vedtak:

Med heimel i §12 i fjellova fastsett fjellstyret følgjande reglar for motorisert ferdsel på vinterføre i utmark:

- All kjøring med motorkjøretøy på vinterføre skje etter kortaste strekning frå brøytt veg og skal følgje løypekart for statsallmenningen (oppdatert 2016). Når løypekart ikkje kan følgjast, skal kjøring skje etter ubrøytt sumarveg, ved sidan av brøytt veg, i allbruksløype eller ved siden av preparert skiløype.
- Enkeldispensasjoner skal visast til leigekjøring når det er mulig.
- I perioden 2022-2025 skal talet på leigekjøringsløye avgrensast til maksimalt 10 stk som må definerast med område/startpunkt. Om det finst eit dokumentert behov, kan det aukast med inntil 2 løyver. Kven som blir tildelt leigekjøringsløye blir avgjort av kommunen. Løyvet gjeld for transport av bagasje/utstyr mellom

bilveg og hytte, tilsyn med hytter når det ligg føre skriftleg avtale med oppdragsgjevar og transport av ved mellom hogstplass og sumarveg/støl. Løyveinnehavar kan vidare ta oppdrag etter §3 og dispensasjonar etter §§ 5 og 6 i nasjonal forskrift. Løyvet gjeld ikkje persontransport, men løyvehavar kan ta med passasjer når det ikkje fører til ekstra kjøring. Dersom det ikkje leveres køyrerekkefølge etter kvar vintersesong, er dette å anse som at løyvet ikkje er i bruk.

4. Fjellstyret stiller som krav at førar av snøskuter som skal nyttast til leigekjøring skal merkast med lett synleg vest med løyvenummer. Merke skal utformast i samarbeid med kommunen/fjellstyret og politi.

5. Kjøring skal om mogleg skje på kvardagar og det bør ikkje gjevast dispensasjonar for jul, vinterferie eller påske.

6. Søknad om løyve til transport av ved frå hogstplass til sumarveg/støl for stølar i drift kan avgjerast av kommunen der fjeltoppsynet vert rådført. Ved søknad om dispensasjon må det leggjast med kart over transportstrekning og mengde ved. Det er ein føresetnad at løyvet er avgrensa til ei kort periode og ikkje gjeld for jul, vinterferie og påske.

7. Fjellstyret stiller som krav at kommunen drøftar søknader om dispensasjon med fjellstyre-administrasjonen, og at all kjøring med disp vert varsle til fjeltoppsynet med SMS før kjøring vert gjennomført

8. Løypekjøring er avgrensa til Vasetløypene, Nøsen løypelag, Vestfjelløypene og Valdres trekkhundklubb (allbruksløype). Det skal utarbeidast eige avtale for kvart lag basert på standardavtale som er tilrådd av grunneigar- og friluftsorganisasjonane.

9. Brot på vilkår stilt i løyvet vil føre til at fjellstyret vil trekke tilbake rett til kjøring i statsallmenningen.

10. Fjellstyret nyttar grunneierretten, jfr Fjellova § 12, 3.ledd til å stenge for start og landing med luftfartøy i Storfjorden. Fjellstyret ber kommunen om å endre lokal forskrift. Imidlertid er fjellstyret positiv til å drøfte enkelt-tilfelle av fly-landing gjennom vanleg dispensasjonsbehandling ved reelle behov tilknytta lokal næringsutøving.

*Generelle reglar om fjellstyrevevdetak:*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevevdetaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.*

*I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova .*

*Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 25.11.2021

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Vestre Slidre kommune